

Fra: Tora Bjørg Haugum[tora.bjorg.haugum@lyse.net]
Mottatt: 29.05.2026 10:17:01
Til: VAL.Post - Valle kommune[post@valle.kommune.no]
Tittel: Innspel til kommuneplanen, arealdelen.

You don't often get email from tora.bjorg.haugum@lyse.net. [Learn why this is important](#)

INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN, AREALDELEN.

Her må det verte endringar.

Vi kan ikkje ha det slik i Valle kommune at ei støylsbu kan vere max 30 kvm BRA. Det er uhøyrddt i 2026!!!

I mitt tilfelle kan eg ikkje ta med meg son min og familien hans, 5 personar, på overnatting i hytta vår. Dei skal etterkvart overta garden men vi alle må altså klare oss med 1 felles soverom! Kven andre ville godta slike begrensningar i eigen eigedom i 2026?

Sjølv om eg har tusenvis med dekar utmark skal eg likevel kun ha lov til å ha hytte/støylsbu på 30 kvm. Kva for tullingar i kommunen har godteke dette?

Dette kjennest blodig urettferdig når vi ser storleiken på hyttene som andre utanbygds hytteeigarar lovleg kan bygge her i kommunen!

Denne urettferdigheita overfor oss innbyggjarar må opphøre!

På denne måten kan vi ikkje ha det i Valle!

Villreinen er vel ikkje meir verdifull enn bøndene og innbyggjarane som bur her, arbeider og betaler skatt?

Er det byfolk/byråkratar som ikkje har eigedom eller gard her som skal diktere desse tilhøva i Valle? Vi godtek det ikkje!

Å forvalte villreinstamma her er ingen vitenskap som det trengst universitetsutdanning for å klare, sjølv om mange prøver å innbille oss det.

No må innbyggjarane, lokale politikarar og kommunetilsette vakne og reise seg! Kven er det dei kommunetilsette og lokale politikarar skal arbeide for? Er det for oss som bur her og løner dei, eller er det for byråkratane i byane som gladeleg produserer lover og reglar og forskrifter som ikkje vedkjem dei sjølve?

EIT TIPS TIL SLUTT:

I desse beredskapstider føreslår eg at kommunen legg til rette for meir sjølvforsyning. Her er store tomter, småbruk og nedlagde gardsbruk som kunne utnyttast mykje betre.

Kommunen burde kunne legge til rette med forskjellige kurs for sjølvdyrking og rettleiing. Fleire og fleire ser verdien og gleda i å kunne dyrke forskjellige grønsaker, frukt og bær til eige bruk. Dette ville vere eit

trivselstiltak.

Med helsing Tora Bjørg Haugum